

Aust-Telemark vassområde

Kort saksutgreiing til arbeidsgruppemøte og styringsgruppemøte 13.09.12 (saksnummera nedanfor henviser både til sakslista i arbeidsgr.møtet og i styringsgr.møtet)

Sak 05.02/ 03.02 Innspel til nasjonal gjennomgang og prioritering av komande revisjonssaker vedr.vassdragskonsesjonar

Olje- og energidepartementet (OED) og Miljøverndepartementet (MD) har sett i gang ein nasjonal gjennomgang og prioritering av 340 vassdragskonsesjonar som kan koma til revisjon innan 2022. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og direktoratet for naturforvaltning (DN) har fått i oppdrag å gå gjennom alle konsesjonane basert på bestemte rammer og kriterium. NVE og DN har bedd Vassregionmyndigheita (VRM) om å koma med innspel til gjennomgangen/prioriteringa innan 01.10.12. Berørte kommunar, vassområde og interessentar er bedd om å koma med sine innspel til VRM innan 21.09.12.

Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon for vassdragskonsesjonar er å betre tilhøve kring miljø i regulerte vassdrag. Formålet med den nasjonal gjennomgangen av konsesjonar som kan koma til revisjon innan 2022 er m.a. at arbeidet skal munne ut i ei prioriteringsliste over vassdrag der minstevassføring og magasinrestriksjonar kan vera aktuelle miljøtiltak, d.v.s tiltak ut over generelle standardvilkår for vilkårsrevisjonar. Det er eit mål at potensielle miljøgevinstar skal vurderast opp mot redusert kraftproduksjon, og at den totale kraftreduksjonen ved potensielle tiltak skal vera på eit moderat nivå.

Døme på høgt prioriterte vassdrag i ein revisjonssamanheng vil vera der eit eller fleire miljøtema med stor verdi er betydeleg påverka av vassdragsreguleringa, og der ein kan nå miljømåla utan for stor negativ effekt på kraftproduksjonen. Viktige miljøtema kan vera:

- Vassdraget har viktige fiskestammar og store fiskeinteresser
- Vassdraget er særleg viktig for landskapsoppleving og friluftsliv
- Vassdraget er viktig for naturmangfald, t.d. utvalde naturtypar og prioriterte artar.

For meir informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår sjå ”Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar” under lenka:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/lover_regler/retningslinjer/retningslinjer-for-revisjon-av-konsesj-2.html?id=684658

I Aust-Telemark VO er det konsesjonsvilkåra for Mår – Gjøystreguleringane som kan opp til revisjon. Desse reguleringskonsesjonane vart gjevne i tre omgangar; 1913/1915, 1943 (godgjent i 1948) og 1956. Vedlagt (vedlegg 1) er eit forslag til innspel i tabellform frå Aust-Telemark VO til gjennomgangen av revisjonsaker. Tabellen inneheld m.a. forslag til prioriterte vassdragsavsnitt, der Mårvatn, Kalhovdfjorden - Gjøystmagasinet, Øvre og nedre delar av Mårelva, nedre delar av Gjøyst er vald ut. Tabellen er ikkje fullstendig, og andre avsnitt kan koma med i ein revisjonssøknad for Mår-Gjøystreguleringane.

Av prioriterte miljøtema er det fokusert på at heile reguleringsområdet er leveområde for villrein og at viktige trekkvegar mellom sentralvidda og tangane er berørt av reguleringane. Vidare er det fokusert på at fjellaurestammar i Mårvatn og Kalhovdfjorden- Gjøystmagasinet er negativt påverka av manøvreringsreglementet, og at nedre delar av Gjøyst og Mårelva har

vorte svært begrensa som gyteområde for Tinnsjø-aure på grunn av låg restvassføring i elvene etter reguleringane. Landskapsoppleving, rekreasjon, friluftsliv og reiseliv er særleg viktige tema i øvre delar av Mår-elva og området kring Mårvatn og Kalhovd-Gjøystmagasinet, som er ein mykje nytta innfallsport til Hardangervidda.

Tinn kommune arbeider med å ferdigstille eit eige brev til NVE med innspel til den nasjonale gjennomgangen av revisjonssaker. Brevet gjev ein utfyllande omtale av opplysningane som står i tabellform. Ein tek sikte på at dette brevet blir ferdigstilt og kan sendast ut til arbeidsgruppa og styringsgruppa før 13/9, og at brevet kan handsamast på begge møta og evt. tilråast av styringsgruppa.

Sak 05.03/ 03.03 Vesentlege vassforvaltningsspørsmål på høyring

For å belyse kva som er dei viktigaste problemstillingane og å skape ei felles forståing av kva som er dei største utfordringane i den enkelte vassregion tidleg i arbeidet med dei regionale forvaltningsplanane, er det fastsett i vassforskrifta at dette skal handsamast i midtvegshøyringa "vesentlege spørsmål" i vassregionane.

VRM for Vest-Viken har i samarbeid med fylkeskommunane og vassområda lagt stor vekt på lokal forankring av arbeidet, og det er utarbeidd lokale dokument i alle vassområda som grunnlag for dokumentet "Vesentlege vannforvaltningsspørsmål for vannregion Vest-Viken" Det regionale dokumentet er sendt ut på høyring med lokalt dokument vedlagt. Høyringsfristen er 31.12 12.

Alle kan la seg høyre i høyringsperioden. I etterkant av høyringa blir det laga eit høyringsdokument som oppsummerer innkomne høyringsfråsegner. VRM vil lage ein revidert versjon av "Vesentlege vannforvaltningsspørsmål for vannregion Vest-Viken" dersom høyringsfråsegnene er av ein slik karakter at dette er naudsynt. Til slutt skal høyringsrapporten opp i alle fylkestinga i vassregionen til orientering. "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål" skal alså ikkje vedtakast, men er meint som ei midtvegshøyring som skal gje ein peikepinn på kva det bør fokuserast på i sjølve forvaltningsplanen med tiltaksprogram som skal ut på høyring i 2014.

Fylkeskommunane i vassregionen har drøfta korleis ein mest formålstenleg kan gjennomføre ein høyringsprosess i vassområda og kommunane. Nedanfor er ei kort samanfating frå møtet:

- Prosjektleder minner kommunane på høyringa og tilbyr å komme på møter for å redegjøre om vesentlege spørsmål dersom dette er ønskelig (også Fylkeskommunen kan stille). Anmode kommunane om å sende uttalelse både til VO og til VRM.
- Kommunane kan vurdere å gi interkommunale svar på høyringa.
- Noen kommuner er med i flere VO - forsøke å forenkle høyringa (?)
- Drøfte i arbeidsgruppa om prosjektleder skal lage et saksframlegg som hver av kommunekontaktene bruker ved fremming av sak i egen kommune. Må være fleksibelt slik at hver kommune tar for seg sitt område – i tillegg til hele vannregionen (del 1 i høyringsdokumentet)
- Arrangere åpne medvirkningsmøter (VRM, FK kan delta hvis ønskelig og det passer)
- Styringsgruppa i VO kan gi selvstendig uttalelse til VRM hvis de ønsker det ; - bør ha fått innblikk i hva kommunane har svart og kan ev. forsterke de synspunkter de får fra kommunane.

